

## **Referat frå elevrådsmøte desember 2023**

Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

### **Sak 1 Elevrådet har fått ein pengesum til å disponere, kva vil ein bruke pengane på?**

I barn – og unges kommunestyre vart det bestemt at 75 000 kr skulle bli delt mellom skulane. Elevrådsrepresentane skulle høyre kva klassane ønsker, ikkje alle hadde fått gjort det, så me avventer med å konkludere. Desse ønska har kome: keeperhansker til kvart trinn, nye fotballar, nye innebandykøller, TL-utstyr.

### **Sak 2 Saker frå klassane**

- 4.trinn ønsker seg trampoline i skulegården.

På ein skule er det strenge reglar ift sikkerheit og trygt underlag, det gjer at me ikkje kan kjøpa inn trampoliner på same måte som ein kan heime. Det må vera trampoline som er nedfelt i bakken og med fallmatter rundt. Det er veldig kostbart og elevråd har ikkje nok penger til det.

- Forslag om kantine av og til.

ADL-gruppa hadde kantine for elevane av og til i fjar, det var veldig kjekt. I år har me mindre tilgang på mat og helse rommet som gjer det vanskeleg å få til kantine, men ser på moglegheita for å få kanskje få det til neste skuleår.

Sigrid Kjetland

-referent-